



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Nasjonalparkstyret for Reinheimen


10.01.2020

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
1-20


Høringsuttale - vinterøving - forsvaret - motorferdsel 16 jan - 5 feb

Heimevernet og UK Royal Marines søker om løyve til motorferdsel i samband med vinterøving i Reinheimen. Nasjonalparkstyret for Reinheimen har bedt villreinnemnda om uttale. Forsvaret søker om:

1. Rekognosering inntil 3 dagar, med inntil 3 snøskuterar i perioden 16-26 januar avhengig av vær- og føreforhold.



2. Understøtte av skimarsj for å ivareta sikkerheit under aktiviteten 29 januar -5 februar med inntil tre snøskuterar og tre beltevogner som vil ha utgangspunkt frå Bismo i Skjåk kommune, med tre stasjonere oppmarsjområder: Heggjebotn, Vikhø og Aursjodammen.



3. Etter at kursdeltakarane har bevega seg inn i Reinheimen vil personell som understøtter og ivaretar sikkerheita følge etter med inntil tre beltevogner og snøskuterar til Lordalen. Der vil det bli oppretta ein ny stasjonær base ved Lordalshytta som skal kunne understøtte kursdeltakarane på sin vidare ferd ned mot Lesjaskog.
4. Teamet som understøtter personell frå Lordalen vil returnere mot Lora når deltakerane nærmar seg Lesjaskog. Det vil ikkje være aktuelt å la beltevogner eller snøskuterar følge gruppene frå Lordalen og ned mot Lesjaskog.

Vår vurdering

Generelt er det ikkje ynskjeleg å gjennomføre øving i eller i nærleiken av område der registreringar syner at ein kan treffe på villrein. Villreinforvaltninga kan gjerne bidra på eit tidlegare trinn i planlegging av øving for å styre aktiviteten vekk frå villreinområde, eller slik at vi kan kome med forslag til ruter i mindre sårbare områder som normalt ikkje har villrein på den tida øvinga skjer. Tidsrama for handsaming av søknaden er for liten til at villreinnemnda får handsama dette på ein god måte. Det burde vore laga ein plan for øvingsaktiviteten i samarbeid mellom forsvaret, villreinforvaltninga og vernemynde. Ei god plan kunne og vore brukt på eit eventuelt seinare tidspunkt. Utan ein slik plan bør aktiviteten bli avlyst eller fløtt utanom vårt villreinområde.


Vi er redd for at dette området blir etablert som eit øvingsområde for forsvaret sin aktivitet. Det er svært uheldig at slik aktivitet blir lagt i dei mest sentrale villreinområda i Reinheimen.

Det er naturleg å trekke parallell til handsaming av Skjåk RKH sin øvingsaktivitet (søknad vinteren 2018). Dei fekk avslag frå Reinheimen nasjonalparkstyre til øving på ruta: Aursjoen-Leirungsvatnet-Lesjagrensa-Sveinbu-Aursjoen. Vedtaket vart påklaga til Miljødirektoratet. Dei stadfesta nasjonalparkstyret sitt vedtak. Villreinnemnda hadde fylgjande uttale til den ruta i 2018: *Denne ruta går tvers igjennom kjerneområdet til villrein i Reinheimen. Det er ikkje ynskjeleg med øving her. Deler av dette området var også vurdert som øvingsområde av hjelpekorpsene i Lesja og Dovre i 2015. Villreinnemnda uttrykte da også skepsis til øving i dette området.*

Primært tykkjer vi øvinga skulle vore lagt utanom villreinområdet. Om det ikkje er mogleg å endre det på kort varsel, er det kanskje mogleg å fløtte lengre vest? T.d. Hamsedalen? Dette er eit område med mindre sannsyn for å treffe villrein og i eit område der ein frå før har noko meir ferdsel.

Helsing

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær